



Surnadal kommune
Bårdshaugveien 1
6650 Surnadal

Surnadal kommune. Kommuneplanens arealdel. Fråsegn til 2. gangs offentleg utlegging. Motsegn.

Fylkesmannen viser til Dykkar oversending av 08.04.2016, der kommuneplanen sin arealdel 2016-2028 vart lagt ut til offentleg ettersyn, etter vedtak i hovedutval for teknikk, miljø og næring 02.06.2015 (sak 29/15).

Fylkesmannen viser vidare til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 1. april 2015. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremjar motsegn på vegne av Statens vegvesen. Vidare har også Fylkesmannen i Møre og Romsdal og reindriftsforvaltninga ved Fylkesmannen i Sør-Trøndelag motsegn til planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremjar vi motsegn til planen på følgjande punkt:

Statens vegvesen:

- Bustadområde nr. 19 – Galtmettet. Motsegna bygger på omsynet til trafikktryggleik og dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal og transportplanlegging.

Heile fråsegna frå Statens vegvesen ligg som vedlegg.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

- Planføresegnene har fleire manglar og tilfredsstillar derfor ikkje krava i plan- og bygningslova, kfr. §§ 11-6 og 11-7. Det er naudsynt med ein gjennomgang/opprydding før desse kan bli juridisk bindande.
- Støykrav må gjevast i føresegnene og støy må synleggjerast i planen
- Krav til leikeareal må vere i tråd med føringane gitt RPR barn og unge
- ROS-analysen er ufullstendig og vi opprettheld tidlegare motsegn til planen.
- Fylkesmannen har motsegn til følgjande områder i planen (nr. refererer til nummereringa i konsekvensutgreiinga): *Natur- og miljø*: nr. 1, *Landbruk*: nr. 12, 14, 16, 17, 20, 22, 26, 27, 29 og 35.

Reindriftsforvaltninga-Fylkesmannen i Sør-Trøndelag:

- Planen må vise areal med reindrift som LNF(R) område etter § 11-7, nr. 5
- Særverdiområda for reindrifta må visast som omsynssone reindrift med retningslinjer

- Det må gjennomførast konsekvensutgreiing av verknadene av hyttefelt «Folldalen, Solliråa, 5/1, 5/4, 5/5» på reindriftsinteressene

Fylkesmannen sine merknader til planframlegget, med faglege råd og nærare grunngeving av motsegnene:

Generelt

Fylkesmannen er nøgd med at Surnadal kommune no legg fram forslag til ny arealdel til kommuneplanen. Gjeldande arealdel er frå 2007. Ein revidert arealdel vil bli eit oppdatert styringsverktøy som vil sikre meir rasjonell saksbehandling, og gi rammer for ei tydeleg og føreseieleg arealforvaltning som tar opp i seg mål og utfordringar frå samfunnsdelen.

Ved første gongs utlegging i 2014 var planframlegget så ufullstendig at vi var i tvil om vi skulle realitetsbehandle den. Vi valte likevel å komme med fråsegn, jfr. Fylkesmannens brev av 26.04.2014 der vi hadde vi følgjande oppsummering:

Planframlegget framstår som uferdig både når det gjeld planomtale, føresegner, manglande kartframstilling og manglande konsekvensutgreiing av nye utbyggingsområde. Planframlegget tilfredstillar derfor ikkje dei formelle krav for utlegging av planen. Fylkesmannen har likevel valt å kome med ein del merknader no, slik at desse kan bli følgt opp i det vidare planarbeidet. Kommunen må gjerne ta kontakt dersom det er problemstillingar ein ønskjer å diskutere.

Slik arealdelen ligg føre må Fylkesmannen reise motsegn til planen på følgjande punkt:

- *Manglande oversiktskart*
- *Manglande konsekvensutgreiing*
- *Manglande ROS-analyse*
- *Planføresegnene*

Ut frå vårt landbruksfaglege ansvarsområde har vi motsegn til følgjande utbyggingsområde:

- *Delplan Nedre Surnadal: Nytt næringsområde aust for Industrivegen*
- *Delplan Bøfjorden: Nytt bustadområde ved Sættemøran og på sørsida av Bøfjorden (gnr89 bnr6).*
- *Delplan Stangvik: Nytt bustadområde på dyrkajorda til gnr118 bnr21.*

Merknader til planomtalen

Planomtalen skal etter pbl § 4-2 skildre føremålet med planen, hovudinnhaldet og verknader, samt planen sitt forhold til rammer og retningsliner. I innhald manglar planomtalen ein del på å presentere planen i samsvar med dette.

Overordna føringar

Når det gjeld overordna føringar viser planomtalen kun til *nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2011). Vi vil minne om at desse vart revidert ved kgl.res. 12.06.2015. Planomtalen må derfor oppdaterast her. Vidare saknar vi referanse til viktige nasjonale føringar som m.a.:

- *Rikspolitisk retningslinjer for barn og planlegging*
- *Statlig planretningslinje for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*
- *Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene*
- *Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen*

Vi vil også minne om to viktige regionale delplanar som legg føringar for arealbruk og klima/energi. Desse er heller ikkje nemnt i planutkastet:

Regional delplan for klima og energi 2015-2020:

Klimagassutsleppa frå transportsektoren skal reduserast med 10 prosent.

Regional delplan for attraktive byar og tettstader 2014-2020 har som ein av hovudstrategiane *samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*:

Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging skal leggjast til grunn for arealplanlegging og utbyggingsmønster i fylket.

Kommunane skal legge eit heilskapleg og langsiktig perspektiv til grunn for lokalisering av nye og utvikling av eksisterande utbyggingsområde. Nye bustadfelt, utbyggingsareal og større etableringar bør lokaliserast slik at dei bygger opp under eksisterande busetnad, infrastruktur, handel og tenestetilbod og kan betenast med kollektivtransport, sykkel og gange.

Arealbehov

Planomtalen kapittel 2. *Disponering av landareal* er svært sparsam når det gjeld omtale av nye utbyggingsområder. Særleg gjeld dette arealbehovet for bustad- og hytteområder i planperioden. Kap. 2.1 *Generelt* seier litt m.a. om *at arealplanen skal legge til rette for ei naturleg og ønska utvikling i kretsane*, men ingenting om det reelle behovet.

Planforslaget legg opp til ei vesentleg auke i nye bustad- og hytteområder. Korkje i gjeldande samfunnsdel eller i arealplanforslaget er det vist eit arealrekneskap som avklarar arealbehov og arealreservar til mellom anna bustader, fritidsbygg og næringsareal. Vi kan heller ikkje sjå at det er utarbeidd mål for utbyggingsmønsteret og utbyggingsvolumet. Det bør vere godt samsvar mellom etterspurnad etter og tilbod på utbyggingsområde. Vi saknar derfor statistikk når det gjeld arealreservar og arealbehov i planperioden. Planomtalen bør gi ei oversikt over kor mange dekar *nye* bustad- og hytteområde som er tatt inn i planforslaget, samt kor mange dekar som er vidareført av uregulerte område frå gjeldande kommuneplan. Det er også mange regulerte byggeområder som framleis har ledig kapasitet. Ein oversikt over dette bør vere naudsynt bakgrunnsinformasjon før ein legg ut nye område. Dette bør kome klart fram i planomtalen. I våre merknader under tema *landbruk* er m.a. dette nærare omtalt når det gjeld forslag til konkrete utbyggingsområde og nedbygging av dyrka mark.

Natur- og miljøverninteresser

Kapittel 2.6 har ein omtale av *Viktige naturområde* og dei registreringar av biologisk mangfald som dannar datagrunnlaget i den seinare konsekvensvurderinga. Opplysningane som kjem fram om datagrunnlaget er ikkje heilt oppdatert. Vi vil minne om at Surnadal kommune har fått utført naturtypekartlegging i fleire omgangar, dels spreidd over heile kommunen og dels meir avgrensa spesialprosjekt. Den første, viktige kommunale kartlegginga vart gjort av Vitskapsmuseet i 2005, der samanstilling av eksisterande kunnskap var ein viktig del av prosjektet. Sidan det har firmaet Miljøfaglig Utredning utført supplement i to omgangar (2009 og 2011). Eit anna viktig supplement var bekkekløftundersøkingane for nokre år sidan (Blindheim m.fl. 2009). I tillegg kjem diverse mindre prosjekt, som kartlegging av rik edellauvskog og ulike småkraftutgreiingar. I 2014 vart det gjennomført ei supplerande naturtypekartlegging i kommunen (Rapport Miljøfaglig Utredning 2015-02). Dette var både ei nyregistrering og kvalitetssikring av gamle naturtypar. Alle data er lagt inn i Naturbasen/GisLink. Dette bør kome fram i planomtalen.

Hyttebygging

Det er opna opp for fleire nye og relativt store hytteområde m.a. i Nordmarka. Her er det alt mange hytter frå før og vi saknar ei meir overordna vurdering av vidare utvikling av fritidsbustader i området. Dette gjeld både forholdet til natur og landskap, men også til området som eit svært viktig friluftsområde.

Arealbruk i sjø - Småbåthamn/-anlegg

I kommuneplanen er det forslag om tre nye småbåthanlegg/hamner og eit par naustområder. Av planomtalen går det fram at arealbruk i sjø skal fastsetjast i *Felles Sjøarealplan for Nordmøre*, og at områda i sjø er dei same som vart vedtatt i kommuneplanen i 2007. Unntak er forslag til nye småbåthamner på Nordvik, Stangvik og Hammesvika. Det er viktig at *Felles Sjøarealplan for Nordmøre* blir koordinert med arealdelen. Arealdelen kunne med fordel ha drøfta behovet for småbåthanlegg i kommunen

Konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga omtalar 38 nye område. 35 område viser nye areal i planforslaget, medan tre område er utgreidd og forkasta. Vi registrerer at det ikkje er utarbeidd KU for tursti langs Surna elv og Toåa. Begge er vist i plankartet.

Konsekvensutgreiinga er lett å finne fram i, der areala både er nummerert og vist ved namn. Dei er også kartfesta og foreslått areal er oppgitt i daa. Vidare er gjeldande planstatus og planlagt arealbruk oppgitt. Utgreiingane er sett opp i ei matrise som dekkjer ei rekkje utgreiingstema. Ein tredelt fargeskala synleggjer konsekvensane. For kvart område er et gitt ei samla vurdering, samt kommunens tilråding. Dette er oversiktleg.

Vi registrerer at fleire av områda har fått positiv tilråding sjølv om deltema viser raudt (store negative konsekvensar). I fleire av desse tilfella saknar vi ei grundigare samla vurdering.

Særleg gjeld dette for område som gjeld omdisponering av dyrka jord.

Avbøtande tiltak, som t.d. nærare krav til utgreiingar ved detaljregulering er omtalt for nokre av områda. Likevel bør *avbøtande tiltak* leggjast inn som eigen rubrikk for kvart nytt område i KU.

Planføresegner

Vi ser det som positivt at juridisk bindande føresegn er skilt ut i eigne boksar. Noko av innhaldet i boksane kan med fordel flyttast over til retningslinjer, medan noko av det som er lista opp under retningslinjer bør stå i boksene. F.eks. punkt 5.1.5, 5.2.4 nr. 1 som er ei retningslinje og ikkje juridisk bindande føresegn. Punkt 5.6.1 nr. 3, 4 og 5 er meir å forstå som juridisk bindande føresegn og ikkje retningslinjer.

Tilvising til anna lovgiving (lov eller forskrift) bør stå i retningslinjer og ikkje som egne planføresegn, sjå t.d. punkt 5.13.

Planføresegna i punkt 5.2.1 viser til ordlyden «omfattande fortetting», dette er eit skjønsmessige vilkår. Planføresegn skal vere konkrete og eintydige og krav/forbod som vert stilt, skal vere absolutte og ikkje skjønsmessige.

I punkt 5.9.1 er det utdjupa kva tiltak som ikkje er tillatt. Etter ordlyden er «ny eller vesentleg utviding av bolig-, nærings- eller fritidsbebyggelse» ikkje tillatt. Tiltak som ikkje er «vesentleg utviding» vil likevel ikkje vere tillat dersom det er i strid med arealformålet. Punkt 5.9.1 kan derfor vere misvisande. Retningslinjer i punkt 5.4.1 nr. 2 er også misvisande. For tiltak på tidlegare frådelte eigedommar i LNF-områder, som er i strid med arealformålet (LNF), vil det krevjast dispensasjon.

I punkt 5.1.3 om byggegrense mot sjø går det fram at byggeforbod jf. pbl. § 1-8, ikkje gjeld i «område som er regulert for bebyggelse og anlegg, samferdsel og teknisk infrastruktur eller småbåthavn». Det er ikkje høve til generelt å unnta heile områder frå byggeforbodet etter pbl. § 1-8. Det er eit krav etter pbl. § 1-8 om at byggegrense vert teikna inn i plankart eller

går fram meir eksplisitt av føresegna. Dette bør også takast inn som juridisk bindande føresegn og ikkje som retningslinje.

Punkt 5.1.2 andre setning slår fast at kommuneplanens arealdel ikkje skal gjelde i skravur omsynssone, der gjeld godkjende reguleringsplaner. I siste setning går det fram at kommuneplanens arealdel likevel skal gjelde dersom det ikkje ligg føre motstrid med godkjend reguleringsplan. Punkt 5.1.2 er uklar og krev tolking. Her må det presiserast tydeleg kva planer som skal gjelde. Det generelle utgangspunktet er at godkjende reguleringsplaner og etterfølgjande kommuneplans arealdel kan gjelde side om side. Ved motstrid mellom desse vil det vere den nyaste planen som går foran.

Vi viser også til kommentarane til føresegner og retningslinjer under fagtema *landbruk, barn og unge* og *reindriftsforvaltning*.

Reguleringsføresegnene må rettast opp/omarbeidast slik at dei tilfredstillar krava i plan- og bygningslova. Inntil dette er gjort har vi **motsegn** til føresegnene slik dei no ligg føre.

Natur- og miljøvern

Nedre Surnadal

Det er på plankartet vist turveg langs deler av Surna elv. Fylkesmannen er ikkje framand for at ein slik turveg kan vere eit positivt tiltak for nærmiljøet. Turvegen er ikkje tatt med i konsekvensutgreiinga. Det må derfor stillast krav til at ein slik turveg skal vurderast gjennom ein reguleringsplanprosess. Det er vanskeleg å kome med ytterlegare merknader no. Vi minner likevel om Surna er nasjonalt laksevassdrag og det er fleire naturreservat ved elva som ein må ta omsyn til.

I gjeldande plan er det reservert eit 335 dekar stort areal for flyplass ved Syltøran nord for utløpet av Surna. Planforslaget legg opp til å endre denne arealbruken ved å la deler av arealet gå over til industriområde og deler til grønnstruktur. Sistnemnte er deler av Brattørskogen som tidlegare var den gamle søppelplassen. Så lenge den gamle søppelfyllinga skal ligge urørt som grønnstruktur har vi ikkje vesentlege merknader til planforslaget. Vi minner likevel om at eventuell fylling i sjø må ha utsleppsløyve frå Fylkesmannen.

Bustadområde nr. 19, s. 26. Galtmettet

Deler av området ligg nært opp til fylkesveg 670 og vil derfor vere støyutsett. Vidare syner KU at deler av arealet ligg innanfor aktsomheitsområde for snøskred og steinskred. Området ligg som ein satellitt i høve til eksisterande busetnad nær Skei og vil krevje utbygging av gang- og sykkelveg for å kunne tilfredstille trafikktryggleiken. Etablering av eit bustadområde her er neppe i samsvar med dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Fylkesmannen vil derfor *rå til at området blir tatt ut av planen*.

Todalen

Planforslaget viser tursti langs Toåa. Dette er eit verna vassdrag. Ein eventuell tursti må ta omsyn til verneverdiane, kantvegetasjon m.m. Dette vil vi kome nærare tilbake til ved detaljplanlegging av tiltaket.

Oversiktskart

Nr. 1, s. 8. Sjøflotbaugen. Utleigehytter

Arealet er del av eit større område med registrert naturtype rik edellauvskog av viktig verdi. Ved førre rullering av arealdelen vart det regulert inn areal for fritidsbustader på begge sider av fylkesvegen (grøn strek på biletet). Vi hadde ikkje merknader til dette fordi det ikkje rørte ved strandareala. Dette var også før naturtypen vart registrert. Etter det vi kjenner til er ikkje



dette hytteområdet ferdig utbygt. Heile det foreslåtte arealet ligg innanfor 100 m-beltet langs sjøen. Området er bratt og gjer utbygginga landskapsmessig utfordrande. I *statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2011)* er Surnadal kommune plassert i kategorien *område med mindre press på areala*. For desse områda seier retningslinjene m.a. at:

- ✓ Utbygging bør så langt som mogleg lokaliserast til område som er bygt frå før, slik at utbygginga skjer mest mogleg konsentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsinnteresser, natur- og landskapskvalitetar eller kulturminneinteresser skal unngåast. Det gjeld t.d. utbygging i kyst- og fjordlandskap med spesielle kvalitetar.
- ✓ Alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mogleg. Det bør også vurderast om tiltaket kan trekkast vekk frå sjøen. Tiltak som blir tillate må tilpassast omgjevnadene best mogleg.

Vi kan ikkje sjå at desse retningslinjene er følgt opp/vurdert i behandlinga av søknaden. Fylkesmannen fremjar derfor **motsegn** til dette området.

Nr. 3 Krokvassdalen. Fritidsbustader

Det er fleire hytter i området frå før og innspelet dreier seg om seks nye hyttetomter. Området ligg innanfor ein registrert naturtypelokalitet slåtte- og beitemyr av viktig verdi. Vi vil minne om at dette er ein *utvalt naturtype* (jfr. naturmangfaldlova §§ 52- 56). Utvalte naturtypar har eiga forskrift fastsett av Kongen i statsråd. På Miljødirektoratets heimeside finn ein m.a. rettleiar til forskrift om utvalte naturtypar. *Veileder til forskrift om utvalgte naturtyper. DN-håndbok 31-2011*. Ein søknad om tiltak i ein utvalt naturtype kan i medhald av naturmangfaldlova i utgangspunktet avslåast dersom inngrepet vil føre til reduksjon i naturtypens utbreiing og førekomstens økologiske tilstand. I omtalen av området framgår det at lokaliteten må reknast som svært grovt avgrensa. Vi vel derfor ikkje å fremje motsegn til planforslaget. Føresetnaden er likevel at det ved ei eventuell seinare regulering blir stilt krav om nærare kartlegging av dei botaniske verdiane innanfor arealet, slik at ein kan ta naudsynt omsyn til naturtypen.

Nr. 5, s.12. Nordmarka. Fritidsbustader

Planforslaget viser 300 dekar til nytt hytteområde. Området skal også ha veg. Området ligg i hjartet av Nordmarka. Det har generelt store kvalitetar og er i Naturbasen registrert som regionalt friluftsområde og kulturlandskap. På naboegedomen er det nyleg vedtatt ein reguleringsplan på 58 hytter, parkeringsplassar og veg. Behovet for nye hytter i dette området er ikkje nærare vurdert, sjølv om det er stilt spørsmål om dette i KU. Som nemnt over er det opna opp for fleire nye og relativt store hytteområde m.a. i Nordmarka. Her er det alt mange hytter frå før og vi saknar ei meir overordna vurdering av vidare utvikling av fritidsbustader i området. Dette gjeld både forholdet til natur og landskap, men også til området som eit svært viktig friluftsområde. *Vi vil derfor rå til at dette området blir tatt ut av planen.*

Nr. 9, s. 16. Øverlandsorrelia – Nordmarka. Fritidsbustader

I omtalen i KU er det opna opp for naustbygging i tilknytning til hyttene. Vi vil i utgangspunktet rå i frå at ein legg opp til naustbygging i dette området. Eit eventuelt naustområde er ikkje vist på kartet og heller ikkje konsekvensvurdert. Omtalen må derfor justerast på dette punktet.

Støy

Vi viser til *Retningslinje for støy i planleggingen T-1442/12*, og rettleiar *M-128*. Planføresegnene må sikre at alle planar skal utgreiast i forhold til desse retningslinjene. Føresegnene kan både vere generelle og uavhengig av arealformål (§11-9) og det kan lagast føresegnar knytt til bestemte arealformål (§11-10). Vi kan ikkje sjå at det i føresegnene er lagt inn støykrav til utbyggingsområda. Vi rår til at dette kjem på plass anten som ei generell føresegn om støy, eller ved at alle byggeområder der det er aktuelt får støykrav i føresegna.

Det er viktig å sikre at støy blir utgreidd i alle planer og tiltak som blir påverka av støysonene, noko som er naudsynt for å sikre at det blir tatt omsyn til støy også i eldre reguleringsplaner og i enkeltsaker som ikkje krev ny plan. Kommuneplanen må derfor synleggjere støysonene (raud og gul sone) på plankartet som omsynssone eller som eige temakart. Dette gjeld i hovudsak støysoner langs veg, men også der det eventuelt tidlegare er utarbeidd støysonekart rundt skytebanar, massetak eller andre støyande verksemder.

Vi har **motsegn** til planen fram til støy er synleggjort i kommuneplanen som omsynssone eller i form at temakart.

Landbruksinteresser

Jordvern

Som skildra i planomtalen er Surnadal blant dei aller viktigaste landbrukskommunane i Møre og Romsdal. Dette gjeld både jordbruk og skogbruk. Stortinget vedtok den 8. desember 2015 ein ny nasjonal jordvernstrategi der dei satt ei ny målsetting om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar, og bad regjeringa om at målet nås gradvis innan 2020. I eit brev til landets kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn seier landbruks- og matminister Jon Georg Dale at han har tillit til at kommunane og fylkeskommunane i si forvaltning og planlegging følgjer opp det målet Stortinget har fastsett, og at Fylkesmannen bidreg med rettleiing og formidling av statlege interesser tidleg i denne planlegginga. Brevet finn du her <https://www.regjeringen.no/contentassets/9f9338b943ef47f5a29d79a0f8878a6d/jordvernsstrategi-signert-og-skannet-brev-sak-14-56-465475.pdf>.

Næringskomiteen på Stortinget har også kommentert følgjande; - «Komiteen meiner at det er viktig at Fylkesmannen har moglegheit til å gje motsegn når jordvernet ikkje vert tilstrekkeleg teke omsyn til», og at «ein streng praktisering av plan- og bygningslova er, etter komiteen sitt syn, det viktigaste verkemiddelet for å sikre eit sterkt jordvern». Dette vart også påpeika i etatsstyringsmøte mellom departementa og fylkesmannen 26. april 2016.

I vår vurdering av konsekvensutgreiing og planomtale til alle kommuneplanar, så er det spesielt to område som Fylkesmannens landbruksavdeling legg særskilt vekt på før vurdering av einskilte innspel/tiltak. Det er eit tydeleg og realistisk arealrekneskap og alternative lokalitetar. Arealrekneskapet må synleggjere dagens situasjon med tilgjengeleg areal/tomter for både bustad,- fritids,- og næringsområde, og kva det faktiske behovet i planperioden vil vere, basert på statistikk og framskrivingar av folketal i dei ulike delane av kommunen. Eit arealrekneskap med stor avstand mellom planlagt utbygging og reelt behov, eller mangel på ei slik vurdering, gjev ofte grunnlag for motsegn på vegne landbruksinteressene der dyrka mark vert foreslått omdisponert. Fylkesmannen kan ikkje sjå at Surnadal kommune har lagt eit arealrekneskap til grunn for sine vurderingar, eller at det er vurdert alternative lokalitetar der tiltaket vil føre til nedbygging av landbruksareal.

Surnadal kommune skriv i si oppsummering på landbruk at planen vil føre til nedbygging av 71 daa dyrka mark. Fylkesmannen finn i si vurdering eit høgare tal, då vi legg til grunn at innafor nemninga dyrka mark inngår både fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite. Vi ber kommunen om å kvalitetssikre antal daa til faktisk nedbygging av dyrka mark. Fylkesmannen er positiv til at jordbruksareal vert tilbakeført til Inf-føremål (ca. 35 daa) og at ein oppmodar til nydyrking. Likevel vil nydyrking som kompenserande tiltak, samt foreslått nedbygd areal, samla sett gje eit stort nettotap av matproduserande areal.

Landbruksnæringa er, på lik line med andre næringar og kanskje i enda større grad, avhengig av kjente arealmessige rammer og moglegheit for utvikling. Fylkesmannen meiner at Surnadal kommune kunne prioritert landbruksnæringa og jordvernet enda sterkare enn kva kommuneplana no legg til grunn. Dette for å nå dei nasjonale målsettingane om auka matproduksjon og sjølvforsyningsgrad.

Skogbruk

Surnadal er den kommunen i fylket med størst skogbruksaktivitet. På tross av det så legg Fylkesmannen merke til at skogverdiane er lite nemnt. Planlagte føremål er naturleg nok høgare verdsett enn skogen, og det kan ein ha forståing for.

Likevel kunne det vore nemnt litt om kva for skog som blir omfatta av tiltaka. Det er vurdert konsekvensar for landbruk, og landbruk famnar også skogbruk. For skogbruket er omkringliggjande areal like viktig som tiltaksareal. Vi er opptatt av at det blir sikra tilkomst til skogareal rundt. Det er mange eksempel her i fylket på at bustadfelt har gjort det vanskeleg å drive tømmerhogst på tilgrensande areal. Problema gjeld både tilkomst og lunneplassar. Dette bør nemnast i høve til dei litt større områda kor det er skogareal rundt.

Motsegn

Nr. 12, s. 19. Overgeilen. Fritidsbustadar.



Fylkesmannen meiner det generelt er uheldig med fritidsbustadar i landbruksområde, og særskilt ved omdisponering av ca. 6 daa fulldyrka mark i tillegg. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar på alternative lokalitetar, og ein manglar eit arealrekneskap over tilgjengelig og forventa behov for fritidsbustadar i området i planperioden. Fylkesmannen har **motsegn** på innspel nr. 12.

Nr. 14, s. 21. Stangvik. Bustadområde.

Arealet er ein del av ein om lag 30 daa stor teig med fulldyrka jord. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar på alternative lokalitetar, og ein manglar ein eit arealrekneskap over tilgjengelig og forventa behov for bustadar i området i planperioden. Fylkesmannen er uroa over dei moglege langsiktige konsekvensane for ei slik bit-for-bit nedbygging. Vi har **motsegn** til bustadområdet som ligg på dyrkajorda til gnr. 118 bnr. 21.



Nr. 16, s. 23. Stangvik. Bustadområde.

vurderingane er gjennomført.

Omdisponering av ca. 4 daa dyrka mark. Inngrepet vil fragmentere teigen i to, og halvere restarealet slik at det vert lite rasjonelt å drive. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar på alternative lokalitetar, og ein manglar ein eit arealrekneskap over tilgjengelig og forventa behov for bustadar i området i planperioden. Fylkesmannen har **motsegn** inntil desse

Nr. 17, s. 24. Øverland. Bustadområde.

Omdisponering av ca. 15 daa fulldyrka mark i eit utprega landbruksområde. Sjølv om det er uttrykt ønske om bustadfelt, så meiner Fylkesmannen at det må dokumenterast eit reelt behov gjennom eit arealrekneskap for området før ein omdisponerer god matjord til bustadformål. Vi saknar også ei vurdering av alternative lokalitetar for bustadbygging som ikkje går ut over jordvernet og målet om auka matproduksjon. Fylkesmannen har **motsegn** til bustadområde på gnr. 64 bnr. 5.

Nr. 20, s. 27. Berset. Bustadområde.

Blanding av innmarksbeite (9 daa) og overflatedyrka jord (24 daa). Området framstår som eit viktig element i kulturlandskapet i nedre Surnadal, og inngår i ressursgrunlaget til garden Aunet på gnr. 70 bnr. 1. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar på alternative lokalitetar, og ein manglar eit arealrekneskap over tilgjengelig og forventa behov for bustadar i planperioden. Området har ikkje den same jordbrukskvaliteten og jordvernmessige verdien som mange andre innspel, men kommunen må som sagt vise til faktisk behov og eit realistisk arealrekneskap. Vi ønskjer også å få avklart plassering av eventuell tilkomstveg til bustadfeltet. Fylkesmannen har **motsegn** på innspel nr. 20.

Nr. 22, s. 29. Settem. Bøfjorden. Bustadområde.

Forslaget vil innebere omdisponering av ca. 19 daa godt arrondert fulldyrka mark (12 daa skildra i KU). Teigen er ein del av eit tunnært område som strekkjer seg frå sjøen og opp dalen. Fylkesmannen meiner at det må dokumenterast eit reelt behov gjennom eit arealrekneskap for området før ein omdisponerer god matjord til bustadformål. Vi saknar også ei vurdering av alternative lokalitetar for bustadbygging som ikkje går ut over jordvernet og målet om auka matproduksjon. Fylkesmannen har **motsegn** til bustadområde på gnr. 91 bnr. 1.

Nr. 23, s. 30. Bølandet. Bustadområde.

Fylkesmannen fremja motsegn til bustadar på Bølandet, gnr. 89 bnr. 6 i første høyringsrunde. Dei aktuelle tomtene er gjennom reguleringsplanarbeidet trekt ut, men vi har liggjande ei motsegn på denne fram til vi har fått oversendt nye planteikningar og øvrige dokument frå kommunen. Ettersom vi har *motsegn* på reguleringsplan-nivå, så **trekkjer vi motsegna** frå forrige offentleg ettersyn i kommunplanssamanheng.

Nr. 26, s. 34. Torvik. Bustadområde.

Omdisponering av ca. 6 daa fulldyrka jord. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar på alternative lokalitetar, og ein manglar eit arealrekneskap over tilgjengelig og forventa behov for bustadar i området i planperioden. Fylkesmannen har **motsegn** til bustadområde på gnr. 120 bnr. 5.

Nr. 27, s. 36. Melhus. Bustadområde.

Omdisponering av ca. 10 daa innmarksbeite. Beiteområde ligg tett opp til driftsbygning og kan vere ein viktig ressurs til gardsbruket, då dyra har krav om ein minimumsperiode ut på beite i løpet av året. Med bustadar så nærme driftssenteret og dyrka mark er det påreknleg med drifts- og miljømessige ulemper som støv,- støy,- og luktplagar. Erfaringsmessig er det ofte næringa som må vike i slike konfliktsaker, og som må tilpasse seg eller leggje restriksjonar på landbruksdrifta. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar på alternative lokalitetar, og ein manglar eit arealrekneskap over tilgjengelig og forventa behov for bustadar i området i planperioden. Vi kan akseptere bustadbygging på dette området, såframt kommunen kan dokumentere faktiske behov og har sett på andre alternativ og moglegheit for fortetting av eksisterande bustadområde. Fylkesmannen har **motsegn** inntil desse vurderingane er gjennomført.

Nr. 29, s. 38. Bæverfjord. Gerdahaugen. Bustadområde.

Utviding av eksisterande bustadfelt. Omdisponering av 3 daa dyrka mark. Ut ifrå informasjon på kommunen sine heimesider, så er det mange ledige tomter igjen i bustadfeltet. Fylkesmannen meiner at det må dokumenterast eit reelt behov gjennom eit arealrekneskap for området før ein omdisponerer dyrka jord til bustadformål. Vi saknar også ei vurdering av alternative lokalitetar for bustadbygging. Sjølve landbruksarealet er av marginal kvalitet, og vi vil ikkje gå i mot utviding av bustadområdet ved dokumentasjon av faktisk behov. Inntil dette er gjort, har



Fylkesmannen har **motsegn** til innspel nr. 29.

Nr. 35. Øyskog. Nedre Surnadal. Næring.

Omdisponering av ca. 7 daa fulldyrka mark. Kommunen har valt å leggje tidlegare



flyplassområde ut til mellom anna *grøntområde* og *næring*. Område satt av til næring ligg stort sett vest for Industrivegen, men det er også lagt ut til næringsformål aust for same veg.

Elvesletta i Surna er eit svært stort og godt arrondert jordbruksområde, der jordbruket i stor grad disponerer areala. Kommunen har valt å leggje ut arealet aust for Industrivegen,

tilhøyrande gnr. 68 bnr. 4, ut som *næring*. Dette er ein 26 daa stor teig med godt arrondert og fulldyrka jord, som er ein del av det store jordbruksområde på elvesletta i Surna.

Jordbruksområdet aust for Industrivegen er tent med ei tydeleg jordverngrense, og det er naturleg å peike på Industrivegen som ei slik grense. Med å etablere område for næring aust for vegen vil den naturlege jordverngrensa verte mindre tydeleg i kommuneplanen.

Før lettrevet fulldyrka jord vert omdisponert til næring, så må behovet for meir næringsareal gjerast greie for. Dyrka jorda på aktuell teig har også ein tilleggsfunksjon som buffersone mellom næringsområdet og bustadane som allereie er etablert i området. Innspelet syner viktigheita av langsiktig planlegging der næringsområde vert lagt til areal som ikkje kjem i direkte konflikt med andre nasjonale interesser, som t.d. jordvern. Vi opprettheld vår **motsegn** på innspel nr. 35 inntil det vert dokumentert at tiltaket gjeld utviding av eksisterande bedrift og ikkje etablering av ny verksemd. Fylkesmannen ønskjer at kommunen sett endeleg byggegrense sørover slik at restarealet på teigen vert nytta til matproduksjon for framtida.

Faglege råd

Nr. 2, s. 9. Kjerrgronesset. Fritidsbustadar. Det er ikkje ønskeleg med nedbygging av dyrka marka. Fylkesmannen ønskjer at det vert satt byggegrense på 30 meter mellom fritidsbustad og dyrka mark for å forhindre drifts- og miljømessige ulemper.

Nr. 7, s. 14. Åsbø. Fritidsbustadar. Fylkesmannen ønskjer at det vert satt byggegrense på 30 meter mellom fritidsbustad og dyrka mark for å forhindre drifts- og miljømessige ulemper.

Nr. 25, s. 32. Dønnyn. Bustadområde. Kulturlandskap med ei blanding av dyrka mark og beite. Fylkesmannen anbefaler at det vert satt byggegrense på 30 meter mellom bustadar og dyrka marka på nordsida for å forhindre drifts- og miljømessige ulemper.

Nr. 28, s. 37. Kvennset. Todalen. Bustadområde. Utviding av eksisterande bustadfelt. Fylkesmannen meiner det er uheldig med bit-for-bit nedbygging av dyrka mark. Kommunen har vist til at det kunn er to ledige tomter igjen i bustadfeltet. Vi saknar ei behovsvurdering for eit større område, og kan heller ikkje finne at det er sett på alternative lokalitetar. Fylkesmannen ber kommunen om å sette endeleg byggegrense mot dyrka mark etter utvidinga.

Nr. 34, s. 43. Pipelife Syltebakken.

Omdisponering av ca. 20 daa fulldyrka mark. Området er noko av det beste jordbruksarealet i Surnadal og Møre og Romsdal. Frå eit landbruksfagleg ståstad så er det sær uheldig at noko av det beste kornproduserande arealet i fylket vert brukt til lagringsplass. Samtidig har vi stor forståing for at Pipelife er ein viktig arbeidsplass som

treng kjente rammevilkår, men dette gjeld også for landbruksnæringa. Fylkesmannen viser til pågåande reguleringsplanarbeid med etablering av plasthaller for lagring av materiale. Dette er eit plassparande tiltak som kan bidra til å lette utbyggingspresset på matjorda, og vi ønskjer at denne lagringsmetoden vert utnytta maksimalt på allereie eksisterande areal før ei eventuell vidare nedbygging av dyrka jorda.

Føresegner og retningslinjer

5.2.5 Generelle retningslinjer for alle byggeområda

Her ønskjer Fylkesmannen at avkjørsler til landbruksformål vert nemnt og teke omsyn til, det gjeld både for jordbruk og skogbruk. Det bør seiast noko om tilkomst til bakanforliggjande areal, der dette er aktuelt. Spesielt gjeld det utforming for tyngre og lengre kjøretøy jf. uttak av skog og tømmer. Ofte er det ikkje mykje som skal til ved planlegging, mens det er tyngre å få ordna i ettertid.

5.9.2 Retningslinjer for Inf-områda

Vi rår til at kommunen angir lokaliseringkriterium om minsteavstand til driftsbygningar, tun og dyrka mark, samt retningslinjer for å unngå omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.

Samfunnstryggleik

Ved første gongs offentleg ettersyn hadde Fylkesmannen motsegn på grunn av manglande ROS-analyse. Det er no gjennomført ein ROS-analyse som ein del av konsekvensutgreiinga (KU). Slik Fylkesmannen les planen er hendingane skred/ras, flaum, støy og forureining vurdert under temaet samfunnstryggleik.

ROS-analysen er gjennomført som ein del av KU. Fylkesmannen meiner ei slik tilnærming gjev eit dårleg heilskapsbilete av risiko og sårbarheit ved kommunen sin arealbruk. Dette fordi risiko og sårbarheit blir vurdert separat ved kvart enkelt innspel/område. På kommuneplannivå er det kommunen sitt totale areal som er analyseobjektet, og hendingar/potensielle farar knyttast til arealet og bruken av dette. Målet er å vurdere om uønskte hendingar kan ha verknad på eksisterande og framtidig arealbruk. Til dømes er det aktuelt å vurdere om allereie regulerte områder er utsett for verksemds-/naturrisiko, eller bør vurderast på nytt på grunn av klimaendringar. Tilnæringsmåten der risiko og sårbarheit berre blir vurdert opp mot mogleg utbyggingsareal, ekskluderer moglegheita til å vurdere eksisterande arealbruk i kommunen. Fylkesmannen meiner òg at ein slik tilnæringsmåte til ROS-analyse på kommuneplannivå, har avgrensa meirverdi for kommunen.

Kommunen har vurdert støy, forureining, skred/ras og flaum som ein del av ROS-analysen i KU. Det står ingenting om kvifor nett desse hendingane er valde, eller kvifor/om kommunen meiner desse hendingane dekkar *alle* moglege uønskte hendingar knytt til arealbruk i kommunen. Dersom kommunen har vurdert andre hendingar, men ikkje funne dei relevante, bør dette kome fram i planen. Vi kan likevel vanskeleg sjå at kommunen ikkje har anna risiko og sårbarheit knytt til arealbruk utover støy, forureining, skred og flaum. Vi vil her sterkt oppmode kommunen til å nytte kommunen sin heilskaplege ROS-analyse som utgangspunkt til å vurdere aktuelle tema. Kommunen skriv sjølv i sin heilskaplege ROS-analyse: «*Den heilskaplege ROS-analysen skal ligge til grunn for kommuneplanar [...]. Det er og ein føresetnad at analysen blir lagt til grunn og integrert i andre kommunale planprosessar*». Fylkesmannen meiner ROS-analysen knytt til kommuneplanen sin arealdel er ufullstendig, og **opprettheld** vår motsegn.

Vidare har Fylkesmannen merknader til planen som må takast omsyn til for at ROS-analysen skal vere tilfredsstillande.

I planomtalen står det at det er vist omsynssoner for skredutsette område (stein- og snøskred). Vi kan ikkje sjå at omsynssone for skred er merka i plankartet til kommunen. Fylkesmannen meiner kommunen, som ein del av ROS-analysen, må merke omsynssoner for skred med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Omsynssonene for skred skal i tillegg til steinsprang og snøskred, dekke område med mogleg fare for jord- og flaumskred. Dersom kommunekartet får mange omsynssoner som gjer kartet vanskeleg å lese, kan vi godta juridisk bindande temakart.

Kraftliner er vist i plankartet. Noreg har definert eit utgreiingsnivå for magnetfelt nær høgspentanlegg på 0,4 mikrotesla (μT). Dette betyr at det krevjast utgreiing for nybygg i område med magnetfelt over 0,4 μT . Fylkesmannen føreset at kommunen sin ROS-analyse vurderer faren for elektromagnetisk stråling frå høgspenlinjer. Vidare skal kommuneplanen sikre at bygg tilrettelagt for varig opphald blir plassert i tilstrekkeleg avstand frå høgspenlinjene. Dette kan til dømes gjerast ved å teikne inn omsynssone rundt høgspenlinjene og knytte føresegn til desse som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Eventuelt kan ein nytte planføresegnene til å krevje at bygg tilrettelagt for varig opphald ikkje er tillat i områder der magnetfeltet overstig 0,4 μT . For meir informasjon om høgspenlinjer og magnetfelt viser vi til Statens strålevern sin brosjyre: «*Bebyggelse nær høyspentanlegg – informasjon til kommuner og utbyggere*».

Planføresegnene set eit generelt krav til byggjegranser mot vassdrag. Byggjegransa er satt til 30 meter mot vatn/elv/bekk målt ved gjennomsnittleg flaumvasstand. ROS-analysen bør vurdere om 30 meter er tilstrekkeleg for alle vassdraga i kommunen, spesielt gjeld dette eventuelle større vassdrag. Unntaket er Surna som er flaumsonkartlagt av NVE, og omsynssona til denne med tilhøyrande føresegner er ivaretatt gjennom kommuneplanen.

Under § 5.2.2. i planføresegnene står det mellom anna: «*I områder med kjente kvikkleireforekomster, eller i områder der det kan forventes å være kvikkleire, skal det foretas grunnundersøkeleser i samsvar med NVE sine retningslinjer...*». Dersom kommunen har kjennskap til område med potensiell fare for kvikkleire, tilrår Fylkesmannen at desse merkast med omsynssone i plankartet. Elles er vi positive til at kommunen nyttar planføresegnene til å sikre at det skal gjennomførast grunnundersøkingar i område med moglege kvikkleireforekomstar. Vi er samd med NVE om at ein i føresegnene viser til lovkrava i TEK10 i staden for NVE sin rettleiar. Vidare ynskjer vi å gjere kommunen merksam på at ei setning under § 5.2.2 verkar ufullstendig. Det gjeld setninga: «*Der ROS-analysen viser at sikkerheten ikkje er tilfredsstillande, at det er områder innen planens avgrensing og/eller influensområde avbøtende tiltak som gir akseptabel sikkerhet eller avvises.*»

Fylkesmannen meiner ROS-analysen er ufullstendig og opprettheld vår motsegn til planen. Surnadal kommune har ein god og oppdatert heilskapleg ROS-analyse. Denne inneheld informasjon om ulike tema som kan vere aktuelle å vurdere for trygg arealplanlegging i kommunen. Døme på relevante tema er utrykkingstid/-tilgang for naudetatar, sløkkevatn, klimatilpassing, stormflo/havnivåstiging og liknande.

Når kommunen skal arbeide vidare med kommuneplanen sin ROS-analyse, er det viktig at eventuelle funn og tiltak blir innarbeidd i plankart og –føresegner. Dersom dette ikkje blir

gjort, kan Fylkesmannen fremje motsegn på at avdekt risiko og sårbarheit ikkje er tilstrekkeleg ivaretatt.

Barn og unge

Føresegnene kap. 5.2.3 Barn og unges interesser, 5.3.1 Areal og funksjonskrav, samt 5.4.1 Generelle retningslinjer

Fylkesmannen si satsing «Betre oppvekst» set særleg fokus på barn sine interesser på alle arbeidsfelt der Fylkesmannen har ei rolle. Satsinga har ført til ein skjerpning av fokus på leikeareal generelt og nærleikeplassar spesielt. Nærleikeplassane er til for dei aller minste barna frå 0-6 år. Desse er avhengig av at leikeareala ligg relativt nært til der dei bur. Slike felles leikeareal kan også gjere nytte som møteplassar for både barn, vaksne og eldre. Vellykka bruk vil gjerne vere avhengig av kva leikeapparat, benkar o.a. som finst. Konkrete funksjons- og rekkefølgekrav i plan vil sikre at leikeareala blir utrusta og opparbeidd.

Det er svært positivt at Surnadal kommune ønskjer å sikre barn og unge sine interesser i plan- og byggesaker med konkrete føresegner i kommuneplanen. Framlegget til føresegner i kap. 5.3.1 sikrar at ved utbygging av nye bustadområde skal leike- og uteopphaldsareal opparbeiddast samtidige med dei tekniske anlegga og ha eigna areal/lokalisering i høve til sol, støy m.m. I dei generelle retningslinjene er det vidare vist at *alle regulerte bustadområde skal ha utlagt eller tilgang til leikeplass innafor ein avstand av 100 m. Leikeplassane skal minst vera 80 m².*

For at føresegna til kommuneplanen skal vere samstemt med føringane gitt i *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen* må følgjande moment takast inn:

- Ved regulering må areal til leikeplass(ar) vere sikra i plankart og føresegner.
- Kravet til leikeplass gjeld ved bygging av 5 bustader eller meir.
- I nye bustadområde skal det vere minimum 50 m² per bueining til leikeplass og andre friområde.
- Innan 50 m frå alle bueiningar skal det vere ein nærleikeplass på minimum 200 m².
- Maksimalt 20 bueiningar per nærleikeplass.
- Det må bli gitt rekkefølgekrav som sikrar at nærleikeplass(ar) blir opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk. Ei slik formulering vil føre til at leikeplassen blir opparbeidd saman med anna infrastruktur, og kostnadane blir fordelt på alle bebuarane.

Sjølv om deler av dette alt er innarbeidd meiner vi likevel at føresegna må strammast inn. Fylkesmannen har **motsegn** fram til føresegnene er i tråd med føringane gitt i RPR for barn og unge.

Faglege råd

I følgje RPR skal det på *områdeleikeplassar* vere høve til aking, balleik, sykling o.a. og skal settast av der det blir etablert 20 eller fleire bueiningar. Innan ein avstand på 150 m skal alle ha ein områdeleikeplass, og denne bør minst vere 1500 m². Maks. 50 bueiningar kan vere felles om slik leikeplass. Føresegnene har ikkje krav til områdeleikeplassar. Fylkesmannen rår til at dette blir tatt inn i føresegnene i samsvar med RPR for barn og unge.

Reindriftsforvaltninga

Den regionale reindriftsforvaltninga er overført til fem fylkesmannsembete.

Reindriftsforvaltninga på Røros er lagt inn under Fylkesmannen i Sør-Trøndelag (FMST). Fylkesmannen i Møre og Romsdal har frå 21014 ein samarbeidsavtale med FMST. Denne har reindriftsfagleg kompetanse og kjem med faglege råd og merknader i plansaker. Vi har mottatt følgjande merknader frå FMST:

«Reindrifta i Trollheimen (Trollheimen sijte) innehar reinbeiteområder i Surnadal kommune. Reindrifta i Trollheimen er sikret gjennom særloven for Trollheimen, og reguleres gjennom leieavtalen av 1985, ekspropriasjonsvedtaket i 1987 og konsesjonsbehandlingen i 2002.

Når det gjelder Trollheimen sijtes beitebruk, flytt og trekk mønstre ved bruk av flytte- og drivingsleier, gjerdeanlegg og gjeterhytter viser vi til reindriftens arealbrukskart som finnes på kilden.no og Trollheimen sijtes distriktsplan som skal være tilsendt kommunen. I distriktsplanen skisseres også utfordringer i forhold til rovvilt, motorferdsel og verneområder.

I St. meld. Nr. 28 (1991-1992) «En bærekraftig reindrift» legges det nasjonale føringer om å ivareta en økologisk, økonomisk og kulturelt bærekraftig reindrift. Det er

I pbl som trådte i kraft 2009-2010 ble det etablert en rekke nye verktøy som skulle gi kommunale planleggere bedre mulighet til å følge opp nasjonale mål om å sikre det materielle grunnlaget for den samiske reindriften.

Særlige hensyn og oppgaver i planleggingen

Gjennom pbl.s § 3-1 c) har Surnadal kommune en særlig plikt til å sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøvelse og samfunnsliv. Fjerde ledd i samme bestemmelse viser til at planer også skal bidra til å gjennomføre internasjonale konvensjoner og avtaler innenfor lovens virkeområde. Som av særlig viktighet for vern av samisk kultur, næringsutøvelse og samfunnsliv vil vi peke på FN-konvensjon av 1966 art. 27 om sivile og politiske rettigheter og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i selvstendige stater.

Lovkommentar til bestemmelsen sier at «Samisk kultur og livsstil har alltid vært sterkt knyttet til naturen, og til dels sårbar natur, og er derfor avhengig av god ressursforvaltning. Ved planlegging og saksforberedelse er det viktig å ta hensyn til tidligere inngrep i samme område. Reindriften er en samisk næring og en viktig del av det materielle grunnlaget for samisk kultur. Der hvor reindriftsinteresser blir berørt, skal de samlede effektene av planer og tiltak innenfor det enkelte reinbeitedistrikt vurderes.»

Medvirkning

I forbindelse med planprosesser som berører reindriften skal planmyndigheten gjennom hele planarbeidet sørge for åpen, bred og tilgjengelig medvirkning fra reindriften. § 5-1 innebærer en plikt for planmyndighetene til å iverksette tiltak for å få til den ønskede medvirkning. Trollheimen sijte må derfor også høres i arealdelen til kommuneplanen.

LNF(R)

I § 11-7, nr. 5 har pbl. tilført arealformål LNF en R der det utøves reindrift. Surnadal kommune må derfor vise områder det drives reindrift, både avtaleområder og eksproprierte områder, som LNF(R). Tilføyelsen har i seg selv ingen rettslig virkning, men gir et riktigere bilde av arealbruken. Det påpekes at om en kommune ikke synliggjør reindriftsinteressene, men isteden bruker den tidligere kategorien LNF, kan dette gi grunnlag for innsigelse.

Hensynssoner

Det er gitt mulighet til å etablere hensynssoner for å ivareta reindriftsinteressene i pbl § 11-8, c). Bestemmelsen sier at:

«Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise hensyn og restriksjoner som har betydning for bruken av areal. Hensyn og forhold som inngår i andre ledd bokstav a til f, skal markeres i arealdelen som hensynssoner med tilhørende retningslinjer og bestemmelser. Det kan angis flere soner for samme areal.»

Til hensynssone skal det i nødvendig utstrekning angis hvilke bestemmelser og retningslinjer som gjelder eller skal gjelde i medhold av loven eller andre lover for å ivareta det hensynet sonen viser.»

Bokstav c sier videre:

«Sone med særlige hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.»

Tredje og fjerde avsnitt sier at:

«Det kan gis retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta interessen i sonen.»,

«Det kan gis retningslinjer om hvilke hensyn som skal vektlegges ved praktisering av annen lovgivning så langt kommunen er tillagt myndighet etter vedkommende lov.»

Aktuelle hensynssoner for å ivareta reindriften vil være soner for reindriftenes særverdiområder. Særverdiområdene er sentrale for reindriften for å opprettholde den nomadiske driftsformen.

Innenfor Surnadal kommunes grenser er det kalvingsområdene (vår 1 i reindriftenes arealbrukskart), luftingsområdene (sommer 1), trekkleier og flytte- og drivingslei som kan defineres som særverdiområder.

Fylkesmannen ser det som en nødvendighet at særverdiområder reindrift i Surnadal kommune vises som hensynssone reindrift.

Retningslinjer om kanalisering av ferdsel (herunder motorferdsel), byggeforbud, en streng dispensasjonspraksis og andre tiltak for å vise aktsomhet må legges til hensynssonen.

Konsekvensutredning

Av de tiltakene som foreslås i planen ser det ut til at det kun er hyttefelt «Folldalen, Solliråa, 5/1, 5/4, 5/5», som berører reindriftsområdene direkte. I konsekvensutredningen er ikke tiltakets virkninger på reindriften vurdert.

ILO-konvensjon nr. 169 artikkel 7 krever at konsekvenser av inngrep i samiske områder, herunder områder det utøves reindrift, må være tilstrekkelig utredet før et eventuelt naturinngrep kan iverksettes. Vedtak av arealplaner må være basert på forsvarlige utredninger av virkningene for reindriften og ta tilstrekkelige hensyn til næringens behov for arealer. Forskrift om konsekvensutredninger har tatt høyde for dette og krever KU der tiltak eller planer kommer i konflikt med utøvelsen av samiske næringsinteresser, jf. vedlegg III og IV i forskrift om KU etter pbl.

Surnadal kommune må derfor utføre en konsekvensutredning av virkningene av hyttefelt «Folldalen, Solliråa, 5/1, 5/4, 5/5» på reindriftsinteressene i Trollheimen slette.

Fylkesmannen har **innsigelse** til deler av arealplan for Surnadal kommune. For å tilfredsstille de nasjonale føringene om å ivareta en økologisk, økonomisk og kulturelt bærekraftig reindrift kreves det at Surnadal kommune:

- viser areal hvor det drives reindrift som LNF(R) område etter § 11-7, nr. 5
- at særverdiområdene for reindriften vises som hensynssone reindrift med retningslinjer
- at det foretas konsekvensutredning av virkningene av hyttefelt «Folldalen, Solliråa, 5/1, 5/4, 5/5» på reindriftsinteressene

Fylkesmannen vil ellers vise til «Temaveileder: Reindrift og planlegging etter pbl. (plandelen)» utarbeidet av Miljøverndepartementet den 01.01.2009.»

Konklusjon

Surnadal kommune har lagt fram eit planforslag for ny arealdel for planperioden 2016-2028. Ein revidert arealdel vil bli eit oppdatert styringsverktøy som vil sikre meir rasjonell saksbehandling, og gi rammer for ei tydeleg og føreseieleg arealforvaltning som tar opp i seg mål og utfordringar frå samfunnsdelen.

Statens vegvesen og Fylkesmannen har motsegner til planen, som vi har laga ei oversikt over i starten på brevet. I tillegg er det ein del merknader og faglege råd som vi rår til blir følgt opp i det vidare planarbeidet.

Fylkesmannen er open for at vi i fellesskap kan gå gjennom motsegnene og drøfte korleis desse kan løysast på ein god måte. Vi ber kommunen om å ta initiativ til eit slikt møte dersom det er interesse for det.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Planføresegner: Frida Farstad Brevik, tlf. 71 25 84 51
Landbruk: Tormod Meisingset, 71 25 84 04
Skogbruk: Åsmund Asper/Odd Løset 71 25 84 07/08
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 8415
Reindriftsforvaltninga: Sondre Sundmoen, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, tlf. 73 19 93 92
Samordning statlege motsegner: Jon Ivar Eikeland, 71258468

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	Molde
NVE region Midt-Norge	Vestre Rosten 81	7075	Tiller

